

---

Saksnr: 2020/70205-3  
Saksbehandlar Mari Johansen Aune  
Dato: 01.11.2020

---

---

**Til:** Fylkesutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

## Fråsegn til høyring av samfunnsdelen til kommuneplanen, Kinn kommune

Kommuneplanen sin samfunnsdel for Kinn kommune var på høyring saman med Planstrategi for Kinn i perioden frå 3. september til 16. oktober 2020.

Etter plan- og bygningslova skal utkast til samfunnsdel leggst på høyring i minimum 6 veker. For høyringssvar som må handsamast politisk i fylkeskommunen, er administrasjonen i dei fleste saker avhengig av at kommunen godtek ein utsett høyringsfrist. Kommunen kunne ikkje gje oss utsett frist, og Fylkesutvalet får difor den administrative fråsegna til informasjon.

Tre satsingsområde er prioritert i planstrategien for Kinn kommune:

- Gode på klima og miljø
- Gode tenester i alle livsfasar
- Attraktiv kystkommune

Samfunnsdelen følger opp dei tre satsingsområda som er definert i planstrategien ved å definere målsettingar og tiltak knytt til kvart satsingsområde. Hovudinntrykket er at det er god samanheng mellom dei valte satsingsområda, og dei mål og strategiar som er sett. Samfunnsdelen prioriterer med dette ei tydleg retning for innsatsen og utviklinga i kommunen.

Fylkesrådmannen meiner at kommunen har gjort eit godt arbeid med planstrategi og samfunnsdelen til kommuneplanen. Vi vil spesielt trekkje fram etableringa av eit samanhengande og godt plansystem i den nye kommunen. Det er positivt at det er etablert ein arealstrategi som følgjer opp mange av måla og strategiane i samfunnsdelen. Det er også positivt at ein legg opp til tett kopling mellom samfunnsdelen og økonomiplanen, ved at handlingsdelen til samfunnsdelen skal inngå i kommunen sin økonomiplan. Dette meiner vi vil styrke oppfølginga av målsettingane i handlingsdelen.

Fylkesrådmannen har likevel nokre innspel som kommunen bør ta omsyn til før endeleg vedtak av samfunnsdelen. Samfunnsdelen er gjort tilgjengeleg digitalt. Vi saknar likevel ei planomtale som skildrar formål, hovudinnhald og verknader slik plan- og bygningslova set krav om. Vidare løftar fråsegna til planen fleire tema som fylkesrådmannen meiner bør styrkast og tydeleggjerast i samfunnsdelen og arealstrategien, dette gjeld særleg strategiar knytt til sentrumsutvikling, bustad, samferdsle, kultur, idrett og inkludering, folkehelse og klima.